



ÅRSMELDING FOR KYSTGEITLAGET I SELJE 2016.

Styret har i 2016 vore samansett slik:

Helge Borgund	leiar,	på val
Åge Ervik	nestleiar,	på val
Kjetil Friberg	kasserar,	
Geir Ole Ervik	skrivar,	
Per Atle Andreassen	styremedlem,	på val
Sidsel Otnes	1. vara,	på val
Miriam Friberg	2. vara,	på val
Svein Per Ervik	revisor,	på val
Anne Grete Ervik og Fredrik Borgund	valnemd	

I 2016 har det vore 3 styremøter der ein har handsama 11 saker.

7. april var det eit felles møte med alle faglaga i kommunen, der hovudtema var brev til kommunen om disponering av fagkonsulenteten på landbrukskontoret og ein bad samtidig om eit møte med kommuneleiinga. Vidare vart det diskutert utvida bandtvang for hund og å skipe til kurs i motorsag.

Kystgeitlaget var også med på den store dugnaden i Korsen i samband med Dragseidspelet 28. og 29. mai. Der var banner for Kystgeita og sal av skinn. Mattilsynet ga løyve til utstilling av dyr. Dette var sjølvsagt populært. Eit godt besøkt og vellukka arrangement med mange positive tilbakemeldingar.

31. august kalla kommunen inn representantar frå styra i alle faglaga innan landbruket til eit felles orienteringsmøte. Frå kommunen møtte ordførar, rådmann og fagkonsulent på landbruk. Faglaga fekk orientere om og diskutere tomme hus og gardar, gjerdeproblem, tap av dyr på beite, bandtvang, gjødselspreiing og ikkje minst at fagkonsulenteten må få meir tid til landbruk og mindre på til dømes arealplan.

Kommunen skulle skrive og sende ut møtereferat, men det er ikkje gjort. Det vart bestemt at kommunen skulle kalle inn til eit nytt møte i slutten av januar 2017, men det er heller ikkje gjort.

Sogn og Fjordane Sau og Geit si geitegruppe hadde fagsamling på Skei hotell siste helga i november. Dei ynskte orientering om Kystgeita. Vi fekk ein halv time til disposisjon som siste innslag på søndagen. Vi var to stk. som reiste innover og gjorde så godt vi kunne med å orientere om historikken, avlen, og drifta. Det var kort tid, men det verka som folk lytta og vi fekk nokre få spørsmål etterpå. Det var veldig greitt å få denne invitasjonen då vi har følt at vi ikkje har vore tekne heilt på alvor i resten av geitemiljøet i fylket.

Medlemmane i gjerdeprosjektet har gått på gjerdevandringar og hatt møter med grunneigarar på fleire plassar rundt om i kommunen. Det er både forståelse av problema og stor vilje til å løyse dei, men det trengs tett oppfølging for å sjå til at ting vert gjort. Det er eit så stort og omfattande prosjekt at det har ikkje vore mogeleg å nå over heile kommunen enno. Ein vonar det vert løyvd pengar til at prosjektet kan vidareførast i 2017. Det er meininga at det heile skal munne ut i at ein får laga ein beitebruksplan.

Prosjektet med sal av livdyr til Oslo gjekk i orden også. Med strenge forutsetningar om helseattest og låst rasekode, godkjende Mattilsynet søknaden om innførsel av inntil 30 dyr frå 5 besetningar her. Meininga var at dei ville ha 5 hagner og ein bukk frå kvar av desse besetningane. Dei vil så bygge opp 5 sjølvstendige besetningar av dette med eigen byttering av bukkar. Det tok lang tid utover hausten før dei var klar til å ta i mot dyra som skal ha base på Bogstad gård. Dei måtte sette opp gjerder, legge fram vatn og klargjere ein hall. 13. desember kom transportbilen og henta dyra. NRK Østlandssendingen tykte dette var eit så interessant prosjekt at dette ville dei dekke. Ein journalist frå NRK Sogn og Fjordane kom hit og gjorde intervju av oss og filma opplastinga. Østlandssendingen dekkja ankomsten til Oslo. Transporten gjekk veldig fint og dyra fann seg fort til rette på sin nye plass.

Kystgeitlaget var arrangør på den årlege vær/bukkesamlinga i Ervik 8. oktober. På denne samlinga kom Mattilsynet ved Jørgen Langeland på besøk. Han var veldig tilfreds med opplegget og måten det var gjennomført på. I tilsynsrapporten skriv han at arrangementet var i tråd med søknaden for både folk og dyr. Eit stort pluss var den sosiale biten med mat og prat.

Kystgeitlaget har fått løyve av Animalia til å godkjenne buskapar for låst rasekode i Ammegeitkontrollen. Kjetil Friberg har hovudansvaret og den som har tilgang til programmet. Åge Ervik og Helge Borgund er valde til å vere hans støttespelarar. Det har vore eit stort arbeid å gå gjennom alle besetningane. Særleg Kjetil har brukt veldig mange timar til dette. Vi søkte Norsk Genresurscenter om ekstra tilskot til å administrere dette prosjektet.

I staden for blodprøver, vart det teke melkeprøver av dei aller fleste geitene etter kjeeing. Dette for testing av CAE, Byllesyke og Paratuberkolose. Ein har ikkje høyrte om anna enn at samtlege var negative.

Det har også dette året vore mange rundt om i landet som vil kjøpe geiter hos oss. Nokon for å få nytt blod i sine flokkar og nokon for å starte opp frå botnen. Det er av ulike grunnar dei vil ha Kystgeit, men dei fleste seier dei vil vere med på å ta i vare ein trua rase og nokon seier dei trur dette er ein meir hardfør rase enn melkegeiter.

Mattilsynet er svært restriktive med å gje løyve til flytting av dyr over fylkesgrensene, så hittil er det berre Oslo som har gjeve løyve. Dei andre som har søkt har vi anten fått melding om avslag, eller så høyrer vi ikkje att noko.

For styret i Kystgeitlaget

Helge Borgund
Stadlandet 02.03.2016.